

Høyring om kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Det teologiske fakultet takkar for høvet til å la seg høyre i spørsmålet om ei kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

Som høyringsdokumentet gjer greie for, følgjer det av framlegget om ny trussamfunnslov at kyrkjelova ikkje lenger vil stå ved lag. Framlegget til kyrkjeordning som her ligg føre er meint å erstatte kyrkjelova når ho blir oppheva. Det er kyrkjemøtet som endeleg skal vedta ei kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

Spørsmålet som høyringsinstansane blir bedne om å svare på, lyder: *Har høyringsinstansen innspel til det vedlagte framlegget til kyrkjeordning som skal gjelde når ny trussamfunnslov tek til å gjelde?*

I høve til dei ordningane som gjeld i dag i kraft av kyrkjelova, er det i følgje høyringsdokumentet berre gjort framlegg om mindre justeringar. Det teologiske fakultet støttar at framlegget om at hovuddraga i dagens kyrkjeordning mellombels blir ført vidare. Samstundes blir det gjort framlegg til å innføre eit nytt og utvida grunnlagskapittel (kapittel 1) samanlikna med den gjeldande kyrkjelova. Fakultetet er kritisk til den forma som Den norske kyrkja sitt grunnlag har fått, og vil derfor nytte ein del plass på å kommentere dette. Kritikken gjeld dels *uklårleik med omsyn til kva som er den normative statusen* til vedkjenningssgrunnlaget (læregrunnlaget) formulert i § 1 og tilhøvet til dei andre paragrafane i kapitlet. Dels gjeld kritikken *inkonsistensar* mellom einskilde paragrafar og mellom vedkjenningssgrunnlaget i § 1 og kapittelet elles.

1. Den norske kyrkja sitt grunnlag

Kapitlet inneheld framlegg til grunnleggjande føresegner for kyrkja, og omfattar åtte paragrafar. Eit hovudproblem ved kapitlet er at deskriptive og normative utsegner om kyrkja på ulike nivå, blir blanda saman utan at teksten gjev lesehjelp til å skilje ut kva som er kva. Ulike utsegnstypar får dermed langt på veg same autoritative status.

Meir konkret blir a) *referansar til vedkjenningsskriftene* som er kyrkja sitt læregrunnlag (§ 1), blanda med b) *parafraseringar* av einskilde, utvalde delar av vedkjenningane si lære om kyrkja (i § 2, § 3), utan at grunnlaget for utvalet blir gjort greie for. Desse to normative komponentane blir vidare blanda med c) *normative utsegner om kyrkja av langt nyare dato* (i §§ 2, 3, 4, 5, 6 og 8). Desse utsegnene inneholder prinsipielle definisjonar av kyrkja sitt vesen og oppdrag, og kan dermed seiast å overlappe med funksjonen til vedkjenningsskriftene. Endeleg blir dei ulike normative nivåa blanda med d) *beskrivingar av den gjeldande kyrkjeordninga* (i §§ 3, 5, 6 og 7). Dei gjeldande ordningane har vaks fram over tid, og er prega av økumeniske avtaler og utviklinga innanfor politikk og samfunn. I framleggget får dei ein normativ status som ikkje i tilstrekkeleg blir skilt frå kyrkja sitt læregrunnlag.

Samanblandinga av prinsipielle nivå og ulike utsegnstypar kan i praksis opne for ei utviding av kyrkja sitt læregrunnlag, noko TF stiller seg svært kritisk til. Fakultetet meiner at uklårleiken med omsyn til dei ulike utsegnstypane som er referert til, talar for å redusere talet paragrafar i dette kapitlet.

Fakultetet har følgjande merknader til dei einskilde paragrafane:

§ 1. Den norske kyrkja sitt læregrunnlag

Paragrafen inneholder lære- eller vedkenningsgrunnlaget for kyrkja, og høyrer naturleg med i eit grunnlagskapittel. For å markere kontinuiteten, er fakultetet nøgd med at paragrafen i stor grad er formulert i tråd med Kong Christian Den Femtis Norske Lov frå 1687 (NL) 2-1, som er den som gjeld i dagens ordning.

§ 2. Den norske kyrkja som del av den verdsvide kyrkja

Siste leddet slår fast at Den norske kyrkja "er forplikta til å fremje kyrkja sin synlege einskapsverda". Fakultetet meiner det er grunn til å problematisere denne formuleringa. Det går ikkje fram av teksten kva ei slik forplikting byggjer på. Fakultetet er samd i at Den norske kyrkja bør fremje kyrkja sin synlege einskapsverda, men ikkje alltid og for ein kvar pris. Dersom føremålet med § 2

er å peike på Den norske kyrkjas økumeniske forpliktingar, vil ei tilvising til dei økumeniske avtalane som kyrkja har inngått, vere meir sakssvarande.

§ 3. Dåp og teneste

Her heiter det at "[a]lle døypte er kalla til å tene Gud og medmenneske og å ta del i kyrkja sitt liv". Etter fakultetets meining har ein her utelate det mest sentrale aspektet ved dåpen, nemleg dåpen som synleg evangelium der Gud gjev mennesket rettferd, forlating for syndene og tru.

Sidan læra om dåpen er uttrykt i vedkjenningsskriftene ser fakultetet ingen grunn til at den nemnde formuleringa skal inn i grunnlagskapitlet. Vidare kan formuleringa om dåpen som føresetnad for medlemskap i Den norske kyrkja med fordel flyttast til kapittel 2, der han høyrer tematisk heime.

§ 4. Den norske kyrkja sitt oppdrag

Paragrafen inneholder normative teologiske utsegner om kyrka som i sak supplerer læregrunnlaget nemnd i §1 på ein lite konsistent måte. Oppdraget med å forkynne evangeliet og forvalte sakramenta er einsidig framstilt som heile kyrkja sitt oppdrag. Men det harmonerer ikkje godt med den særskilde tenesta med ord og sakrament som utkastet skildrar i § 6, og som i sin tur byggjer på læregrunnlaget i §1 (særleg CA 5). Ved å la kyrkja sitt oppdrag gå opp i den særskilte tenesta med ord og sakrament, meiner fakultetet at § 4 gjer eigenarten til det allmenne prestedømmet usynleg. Ein tilslører at dei døypte har ei rekke ulike tilhøve til menneske som alle er uløyseleg knytte til det å vere kyrkje i verda.

Vidare tilslørar ein skilnaden mellom det allmenne prestedømmet og den særskilte tenesta med ord og sakrament. Oppdraget med å forkynne evangeliet og forvalte sakramenta byggjer i følgje vedkjenningane på Kristi utsending av apostlane. Det er knytt til ein særskilt teneste som primært er ein funksjon ikkje av kyrkja, men av evangeliet (jf. Matt. 28:16-20; CA IV, V, VII, XIV). Som ein funksjon av evangeliet er tenesta med ord og sakrament såleis uunnverleg for kyrkja.

Vidare saknar fakultetet ei tydelegare tematisering av folkekyrkjeperspektivet. Dette skal vere ei kyrkjeordning for Den norske kyrkja som folkekyrkje, slik det òg går fram av § 16 i Grunnlova. «I gudstenesta samlar kyrkjelyden seg», konstaterer § 4 – og peikar med dette i ei anna retning enn det som er den folkekyrkjelege situasjonen. Formuleringsa er innsnevrande om ein tenkjer seg at det berre er her kyrkjelyden kjem saman, og at dei som kjem saman til gudsteneste til ei kvar tid er identiske kyrkjelyden. Kyrkjelyden finst òg andre stader, i ulike typar fellesskap i soknet. I norsk kyrkjeliv har folkekyrkjeomgrepet i stor grad vorte forstått som eit kvantitatitt omgrep. Men folkekyrkjetradisjonen innanfor ein skandinavisk kontekst legg vekt på at folkekyrkje har å gjere med kyrkja sitt vesen. Folkekyrkjeomgrepet refererer til ein bestemt kvalitet ved kyrkja. Fakultetet vil tilrå at ein revurderer utsegna om kyrkja sitt oppdrag i § 4, på grunn av eit manglande folkekyrkjeleg fokus, og omsynet til konsistens i høve til andre paragrafer og til kyrkja sitt læregrunnlag,

§ 5. Tenestefellesskap og dei vigsla tenestene

Fakultetet stiller seg spørjande til bruken av omgrepet «tenestefellesskap». Omgrepet framstår som ein indrekkyrkjeleg neologisme med uklår tyding, det er grunn til å spørje om kor godt det kommuniserer. Omgrepet er òg teologisk problematisk som nemning på dei døypte i kyrkjelyden. I læregrunnlaget blir det kyrkjelege fellesskapet omtala som «communio sanctorum» - eit fellesskap som blir gjort heilagt av sakramenta. § 5 set derimot fellesskapet sine eigne handlingar (tenester) i sentrum. Fakultetet vil rå til at ein går bort frå å nytte omgrepet "tenestefellesskap".

Vidare slår § 5 fast at «Oppdraget til Den norske kyrkja blir ivaretake i eit tenestefellesskap av frivillige, tilsette og vigsla personar.» Som i § 4 tilslører ein her skilnaden mellom det allmenne prestedømmet og den særskilte tenesta. TF ser det ikkje som sakssvarande å innføre nemninga "frivillige" på dette overordna nivået i kyrkjeordninga. Ut frå ei teologisk motivering vil fakultetet streke under at det å forkynne evangeliet og forvalta sakramenta *ikkje* blir ivaretake av friviljuge og vigsla på same linje, slik § 5 impliserer, verken innanfor lutherske eller andre historiske kyrkjer. Innføringa av "frivillige" som ein eigen

kategori kan dessutan tolkast som at ein prioriterer den indrekyrkjelege krinsen. I ei folkekyrkje må horisonten derimot vere alle dei døypte som bur i kyrkjelyden (soknet). På grunn av dei språklege og teologiske utfordringane i utkastet, vil fakultetet tilrå at ein ikkje formulerer noko i tillegg til læra om kyrkja som finst i vedkjenningane. Det held at kyrkjeordninga referer til læregrunnlaget.

§ 6. Organisering av Den norske kyrkja

Paragrafen skildrar primært praktiske ordningar i kyrkja som er tydeleg forankra i kyrkja sitt læregrunnlag. Fakultetet stiller seg bak innhaldet i paragrafen, med unntak av siste setninga (sjå under). Samstundes vil vi åtvare mot å gje praktiske ordningar normativ status for framtida. Fakultetet gjer framlegg om at denne typen beskrivingar blir flytta til ein annan stad i dokumentet.

TF vil vidare peike på at formuleringa «[k]yrkjelyden er fellesskapet av dei som hører til Den norske kyrkja og bur i soknet» (§ 6) gjev ei anna kyrkjelydsforståing enn «dei som samlast til gudsteneste» (§ 4) eller «tenestefellesskapet» (§ 5). Omtalen av tenesta med ord og sakrament i § 6 er heller ikkje kompatibel med utsegnene om kyrkja sitt oppdrag og tenestefellesskap i §§ 4 og 5. Dei ulike kyrkjelydsdefinisjonane i kapitlet framstår som lite konsistente og er prega av innbyrdes spenningar.

Fakultetet merker seg den konkluderande setninga om at «[a]lle kyrkjelege møte og råd skal utføre arbeidet sitt i lojalitet mot Den norske kyrkja sitt læregrunnlag.» Ein må spørje kvifor ein krev ein slik lojalitet frå møte og råd og ikkje samstundes frå tilsette, vigsla og frå kyrkjelege praksisar og ordningar elles? Setninga inneber at læregrunnlaget får ulik status i ulike delar av kyrkja si ordning, og bør derfor endrast. Referansen til dei kyrkjelege vedkjenningane i § 1 bør etter fakultetets mening bli supplert med ei setning eller ein paragraf som klårgjer tilhøvet mellom læregrunnlaget og kyrkjeordninga, jf. merknaden til § 8.

§ 8. Tilhøvet til resten av kyrkjeordninga

Her blir det konstatert at «Den norske kyrkja sine ordningar og praksis skal vere i samsvar med Den norske kyrkja sitt grunnlag.» Grunnlaget, som er det første kapitlet i kyrkjeordninga (§§ 1-8), kan ikkje forvekslast med læregrunnlaget nemnd i § 1. TF ser ingen grunn til å skilje mellom normgrunnlaget for kyrkja sine ordningar og praksis, og normgrunnlaget for arbeidet i møte og råd (§ 6). Når det gjeld kyrkja sin praksis og ordningar, synest det som Den norske kyrkjas grunnlag blir gjeve same normative status som vedkjenningsskriftene. I så fall motseier utkastet seg sjølv når det hevdar at det er vedkjenningane som er kyrkja sitt læregrunnlag. Fakultetet ser det som djupt problematisk at «ordningar og praksis» ikkje primært skal være i samsvar med kyrkja sitt læregrunnlag, men gjerast avhengige av eit utvida normativt grunnlag som har klåre manglar med omsyn til konsistens.

Ut frå dei overordna merknadene til grunnlagskapitlet sin uklåre status og til einskildparagrafar tilrår fakultetet at talet på paragrafar i denne delen blir redusert. TF støttar at kyrkjeordninga refererer til læregrunnlaget, slik utkastet gjer i § 1. Dette er etter vår mening den mest sentrale paragrafen i heile grunnlagskapitlet. Det bør i tillegg vere ein paragraf som framstiller dei avtaler og kyrkjemøtevedtak som legg føringar for kyrkjeordninga. Fleire av desse er alt nemnde eller parafraserte i den utkastet som ligg føre. Vidare bør grunnlagskapitlet innehalde ei presisering som klårgjer tilhøvet mellom læregrunnlaget, avtalar og vedtak på den eine sida og frå eksisterande ordningar på den andre, og slik unngå at dei tre nivåa flyt over i kvarandre. Det vil etter fakultetet si oppfatning gjere grunnlaget for kyrkjeordninga klårare og meir konsistent.

TF har desse kommentarane til ein skilde punkt i dei følgjande delane av utkastet til kyrkjeordning.

2. Kyrkjeleg inndeling, kyrkja sine organ, medlemskap, kyrkjelege registre og kyrkjeleg stemmerett

§ 9. Kyrkjeleg inndeling, namn på kyrkjer og kyrkjelege einingar, særskilte kyrkjelydsformer

Det første leddet er i paragrafen er nytt i høve til kyrkjelova, og fakultetet meiner det er upresist. Det kan med fordel sløyfast. Dessutan blir soknet nærmare definert i § 6. Formuleringa av det tredje leddet kan forbetrast.

§ 11. Tilhørysle og medlemskap

Paragrafen opererer med "lovleg opphald i riket" og "busett i riket" som kriterium for medlemsskap i Den norske kyrkja i tillegg til dåpen. Frå kyrkjeleg ståstad kan berre dåpen vere det avgjerande medlemskriteriet. Derfor er det naudsynt å skilje mellom kyrkja sitt medlemskriterium og eventuelle kriterium for medlemsskap i trussamfunn som staten krev i trussamfunnslova.

Omgrepet «døypt med kristen dåp», som ein gjer framlegg om å ta inn i første og tredje leddet, er ein pleonasme. Kyrkja si lære om dåpen finst i § 1. Presiseringa «kristen dåp» kan sløyfast.

I andre leddet av paragrafen blir det gjort gjeldande at barn blir rekna som tilhøyrande når minst ein av foreldra er medlem av Den norske kyrkja. Dette støttar fakultetet.

§ 13. Medlemskap i kyrkja

I andre leddet blir det gjort framlegg om at soknerådet skal vere handsamingsinstans for søknadar om mellombels bytte av medlemskap i sokn. Av praktiske omsyn meiner fakultetet at ansvaret bør ligge til presten som har ansvar for inn- og utmeldingar (med biskopen som klageinstans), evt. kan det leggjast til biskopen som i noverande ordning.

I andre leddet er kyrkjemedlemskapet omtala som medlemskap i sokn og som medlemskap i Den norske kyrkja. Dette kan skape uklårleik, då det er tale om to rettssubjekt. Fakultetet tilrår at ein reserverer omgrepene «medlemskap» for

medlemskap i Den norske kyrkja, som er i tråd med gjeldande ordning og vanleg bruk av ordet, og at ein nyttar andre omgrep for relasjonen mellom medlem og lokalkyrkjelyd («soknar til», «stemmerett i», «høyrer til i» eller liknande).

Kapittel 3. Verksemda i soknet. Organa for soknet og oppgåvefordelinga mellom dei m.m.

§ 20. Oppgåvene til soknerådet

TF merkar seg at kyrkjelydsstrukturen er sårbar for konfliktar. For å skape betre strukturar for samarbeid lokalt, tilrår fakultetet at § 20 om oppgåvene til soknerådet burde supplerast med eit ledd som gjev soknerådet ansvar for å medverke til, eller ha merksemd vend mot, gode samarbeidstilhøve i kyrkjelyden, særleg mellom dei frivillige og mellom dei frivillige og dei tilsette (jf. framlegg til ny § 34).

§ 23. Samansettinga av kyrkjeleg fellesråd

Ein svakleik med ordninga for kyrkjeleg fellesråd som ein ønskjer ført vidare, er at ho ikkje skaper lik representasjon mellom den pastorale delen og den valde delen i fellesråda. Den pastorale delen representerer ein lokal kyrkjefagleg kompetanse i fellesråda. Samansetnaden er i dag proporsjonal med talet på kyrkjelydar. Tilhøvet er til dømes 1/3 pastoral representasjon i kommunar med ein kyrkjelyd mot berre 1/9 i kommunar med fire kyrkjelydar. Di større fellesrådsområdet er, di mindre blir den lokale kyrkjefaglege kompetansen og tyngda i fellesrådet, samstundes som den administrative og kommunale sida gjerne er desto meir profesjonalisert. Fakultetet meiner den noverande ordninga svekkjer den lokale kyrkjefaglege innverknaden i store fellesrådsområde, og at konsekvensen av dette i praksis er at lokalkyrkjelyden sin innverknad blir svekt. Fakultetet tilrår at kyrkjeordninga må sikre ein samansetnad mellom valde og pastorale representantar som er balansert uavhengig storleiken på fellesrådet.

Kapittel 4. Kyrkjer

§ 28. Forvalting av kyrkjene og avgrensing av rådvelde

Forvaltinga av kyrkjene er ei viktig lokal oppgåve og høyrer under kyrkjeleg fellesråda. Den lokale forvaltinga er eit viktig prinsipp, og har samanheng med at

soknet har eigarskapen til kyrkjene. Slik paragrafen er formulert, blir det opna for at Kyrkjerådet kan gjere endringane i rammene for forvaltinga av kyrkjene. TF oppfattar dette som mindre tenleg, og meiner det er viktig å oppretthalde soknet/fellesrådet sitt forvaltaransvar uavkorta.

5. Regionale og nasjonale kyrkjelege organ

§ 39. Bispemøtet

Her blir det gjort framlegg om ei ny føresegn om føremålet for Bispemøtet. Føresegna legg auka vekt på Bispemøtet som eit kollegialt organ, og inneber ei endring av tilhøvet mellom Bispemøtet som kollegium og den einskilde biskopen. Den nye føresegna opnar for at Bispemøtet i større grad enn i dag kan binde den einskilde biskopen i teologiske og kyrkjelege spørsmål. Dette stiller fakultetet seg klårt kritisk til. I kyrkja vår er det ein lang tradisjon for biskopen sitt personlege og sjølvstendige tilsynsansvar. Det har vore med å sikra eit større teologisk mangfold i kyrkja, noko fakultetet vurderer som positivt. Vi ser det som viktig at biskopens sjølvsendige tilsynsansvar blir sikra òg i framtida. Fakultetet går derfor inn for at føresegna om føremålet for Bispemøtet blir ført vidare uendra frå kyrkjelova § 26.

Vidare er TF usikker på om det er tenleg å innføre omgrepene «pastoralt leiarskap» om Bispemøtets oppgåver. Truleg tener det berre til å skape meir uklårleik med omsyn til styring og leiing i kyrkja.